



Blom Fiskeoppdrett AS

Ulvøyvegen 130

5337 RONG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7124 - 15/5545

Saksbehandlar:

Nora Gjerde

nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:

10.03.2015

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealDEL for utviding av anlegg for akvakultur, Rekeviki

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Blom Fiskeoppdrett AS
Fylkesmannen i Hordaland
ANITA H ANDERSEN HODNELID
ARNE HODNEKVAM
Fiskarlaget Vest
Fiskeridirektoratet region Vest
GRETE SOFIE N SKEIDSVOLL
Hordaland fylkeskommune
IDA MARIE NORDAHL
JAN EIRIK ANDERSEN

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kystverket

LARS HODNEKVAM

NELLY LOVISE JORDAL

SIGURD SKEIDSVOLL

SOLVEIG SKAUGE HOLSEN

SVEIN KÅRE HODNEKVAM

ULVØY EIENDOM AS

UNNI TORILL HODNEKVAM

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/15	Plan- og miljøutvalet	PS	04.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/7124

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealDEL for utviding av anlegg for akvakultur, Rekeviki

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - Akvakultur - Blom Fiskeoppdrett AS - lokalitet
RekevikiAnleggsskisseKartVedk søknad om dispensasjon - Rekeviki, LindåsUttale til høyring av søknad om dispensasjon - Lokalitet RekevikiMerknader til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealDEL for utviding av akvakulturanlegg lokalitet RekevikiKOMMUNEPLANNytt anlegg A3 ISjøkart

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealDEL i sjø § 6.2, jf. søknad frå Blom fiskeoppdrett datert 15.10.2014. Det vert vist til vurderinga i saksframlegget for grunngjeving av avslaget.

Plan- og miljøutvalet - 031/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealDEL i sjø § 6.2, jf. søknad frå Blom fiskeoppdrett datert 15.10.2014. Det vert vist til vurderinga i saksframlegget for grunngjeving av avslaget.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Blom Fiskeoppdrett AS har søkt om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg i Rekeviki. Blom Fiskeoppdrett AS ynskjer å endre anleggskonfigurasjon frå dagens stålanlegg til plastanlegg, med tilhøyrande rammfortøyning. Anlegget vil bestå av seks plastringar med ein omkrets på 160 meter. Plastringane vil vere plassert i enkeltrammer på 100x100 meter.

Det omsøkte anlegget er i høve søknaden utforma med tanke på ein optimal plassering i høve straumforholda på lokaliteten. Ein ynskjer at straumen skal transporterast gjennom heile anlegget for å optimalisere oksygenforholda for fisken og å transportere vekk avfallsstoff frå fisken. Straumen på lokaliteten går i ein sør-austleg retning. I tillegg til betre gjennomstrauming vil ei utviding av anlegget gi betre plass til fisken med dertil betre fiskevelferd. Eit plastriganlegg vil også gi betre fleksibilitet når ein skal avluse fisken, gi meir effektiv handtering av presenningsutstyr ved avlusing og betre miljøtilhøve under anlegget.

Det går vidare fram av søknaden at fortøyningane er dimensjonert etter gjeldande krav, som medfører at fortøyningane må ha ein viss vinkel i høve lengd/dybde. Dette medfører lange liner, spesielt i nord- og sørleg retning.

Det vert avslutningsvis oppgitt at den føreslattede endringa ikkje vil vera til særskilt hinder for andre aktørar, ferdsle eller aktivitetar som er planlagti kommuneplan. Det vert ikkje søkt om utviding i biomasse ved anlegget.

Høyring / nabovarsling:

Lindås kommune har hatt søknaden om dispensasjon på høyring til naboar og berørte mynde, jamfør plan- og bygningslova § 21-3. Under er merknadane oppsummert.

1. *Fiskarlaget Vest* har generelle merknader knytt til samordna vurdering av tolegrense for oppdrett innanfor geografiske område og at ein må velje lokasjonar som ikkje er i strid med anna fiskeriverksemd. Det vert vidare vist til at kommuneplankarta må vise kor store område som faktisk vert beslaglagt for akvakulturnæringa (fortøyningar og liknande.) og ikkje kun sjølve anlegget. Det er viktig at ankersistema vert avgrensa så langt som råd og at fortøyningar og ankersystem vert rydda opp når anlegg ikkje lenger er i bruk. Fiskarlaget peiker vidare på at det er registrert gyteområde for torsk i omsøkt område og i tillegg gyteområde og område for passiv reiskap (lange) nordaust for anlegget.
2. *Kystverket* hadde ikkje merknad til den omsøkte utvidinga av akvakulturanlegget.
3. *Grunneigarar i området v/Jan Eirik Andersen* er skeptisk til den planlagde utvidinga og peiker på at anlegget vil leggja beslag på store område og vere til betydeleg hinder for all aktivitet som ikkje er knytt til drifta ved anlegget. Heile det båndlagde arealet vil være ueigna for sjølvbergjing og rekreasjon og er ei forringing av området. Det vert vidare peika på at dagens drift av anlegget har påført grunneigarar i området innskrenka driftstilhøve og at ei utviding vil ytterlegare forsterke dei negative verknadane. Utvidinga vil føre med seg ei auke i støy og trafikk utover dagens nivå og grunneigarane er skeptiske til den samla miljøbelastninga dette vil ha for



området. Det vert forventa ein god dialog med dei impliserte partane for å finne fram til dei beste løysningane for området.

Vurdering

Bakgrunnen for søknaden er at ein ynskjer å etablere eit nytt plastringanlegg ved lokaliteten som i høve søker vil gje betre tilhøve for fisken, betre driftstilhøve og mindre miljøbelastning under anlegget. Dispensasjonssøknaden gjeld kravet om at akvakulturanlegg skal etablerast innanfor område sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan. Det går ikkje tydeleg fram av søknaden kor mykje av anlegget som vil gå ut over dagens akvakulturområde, men administrasjonen har lagt inn koordinatane for anlegget, som viser at stordelen av anlegget kjem utanfor området som er sett av i kommuneplanen. Totalt areal for sjølve anlegget vil kome på om lag 60,5 mål, utan fortøyningar.

Utklippa under viser korleis anlegget (svart skravur) vil ligge i høve kommuneplanen, sjøkart og grunnkart.





Utvidinga er førelagt aktuelle mynde som Kystverket og Fiskeridirektoratet. Det har ikkje kome inn spesielle merknader til utvidinga frå desse myndene. Fiskarlaget Vest har peika på at det er gyteplassar i området og at det er område for fiske med passiv reiskap nordaust for anlegget. Grunneigarar i området har ytra at dei er uroa for at utvidinga skal leggje beslag på store område og vere til hinder for anna aktivitet. Det vert peika på at dagens anlegg har medført innskrenka driftstilhøve for grunneigarane og at ei ytterlegare utviding vil føre til meir ulemper for dei. Dei ynskjer ein dialog med søker om å finne gode løysingar knytt til drifta.

ved anlegget.

Dispensasjonsvurdering:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (tbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av tbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegne det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegne i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vera klart større enn ulempene. Det skal leggast særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til dispensasjonssøknaden. I denne saka ligg det ikkje føre negative uttalar frå andre mynde, men det ligg føre merknad frå naboar som er negative til utvidinga.

Det er i dette tilfellet faktorar som veg positivt og negativt for å gje dispensasjon:

Fordelane ved å gje dispensasjon er:

- Betre tilhøve for drifta ved anlegget og betre fiskehelse gjennom lågare tettleik av fisk i merdane. Betre gjennomstrøyming av vatn i merdane.
- Mindre miljøbelastning under sjølege anlegget.

Ulempene ved å gje dispensasjon er:

- Utvidinga er sterkt i strid med arealføremål i kommuneplan.
- Utvidinga strekk seg på tvers over eit sund, mellom fastlandet og øya Kråka.
- Fortøyingane til anlegget vil strekke seg inn i område sett av til gyting i kommuneplanen.
- Utvidinga vil føre til ulempar for naboar i området, til dømes tilkomst til naust.

Administrasjonen ser ein del ulempar ved å dispensere frå kommuneplanen for å etablere eit plastringanlegg i Rekeviki. Først og fremst er det ei vesentleg utviding av anlegget det er søkt om. Utvidinga tilsvarer om lag ei tredobling av området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen og medfører ei betydeleg endring av arealbeslaget i høve dagens situasjon. I andre arealsaker vil ein truleg anbefale at ei slik utviding må gjerast gjennom reguleringsplan eller rullering av kommuneplanen. For område i sjø ligg det ikkje føre tilsvarande vurderingar frå tidlegare, då det er mindre arealendringar som det har vore søkt om. Det er fleire av akvakulturaktørane som peiker på at arealet som er sett av i kommuneplanane til akvakultur er alt for lite i høve det faktiske arealet som er naudsynt for å drive akvakultur, spesielt med tanke på at det kjem nye driftsmetodar og nytt utstyr som set andre krav til storleik på området som er naudsynt for å drifte anlegga. I dette tilfellet ynskjer søker å utvide til eit større anlegg som vil gje betre fiskehelse og enklare driftstilhøve ved anlegget.

Det er ikkje gjeve noko negativ uttale frå Kystverket når det kjem til ferdsle i området. Naboar har peika på at utvidinga av anlegget både vil gje ei stor innskrenking i moglegheiter for ferdsle og all annan aktivitet i nærleiken av anlegget. I tillegg er det peika på at ei utviding av

anlegget vil gje ytterlegare negative verknader for naboar. Dette gjeld eksempelvis tilkomst til naust og liknande. Administrasjonen meiner at plasseringa av anlegget på tvers av eit sund, der ein innskrenkar betydeleg framkomsten mellom Kråka og fastlandet ikkje er heldig. Det vil vere areal å ferdast i mellom holmen og anlegget, men administrasjonen meiner at at utvidinga vil ha ulemper for ferdsle og annan aktivitet i området. Det er også registrert område for gyteplass og fiske med passiv reiskap i området der fortøyningane til anlegget vil kome. Fiskarlaget Vest har ikkje påpeika spesielt at dette vil kunne vere ein konflikt, men har samstundes bede om at fortøyningar bør avgrensast mest mogleg. Administrasjonen meiner på bakgrunn av dette at både anlegget og fortøyningar kan føre til ulemper ved etablering.

Når det gjeld tilhøvet til naturmangfaldlova så peiker søker på at miljøbelastninga under sjølve anlegget vil verte mindre, då avfall frå drifta vil verte spreidd over eit større område enn tidlegare. Den totale mengda avfall frå anlegget vil ikkje endrast, men konsentrasjonen vil verte mindre under anlegget. I høve ureining vil truleg endringa ha ein positiv lokal effekt. I Artsdatabanken er det registrert ein av kommunens beste bestandar av den nær trua arten fiskemåke på øya Kråko rett ved anlegget. Anlegget vil kome betydeleg nærmare øya som per i dag ligg godt unna akvakulturanlegget og det kan tenkast at anlegget vil ha ein påverknad på bestanden. Sidan dette punktet ikkje er utgreidd verken i søknad eller som ein del av ein kommuneplanprosess, vil administrasjonen rå til å vere forsiktig å tillate ei så omfattande utviding av anlegget.

Konklusjon:

Oppsummert vurderer administrasjonen at ein ikkje bør gi dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegget ved Rekeviki som omsøkt. Hovudgrunnen til dette er at omsynet bak føremålet bruk og vern av sjø vert sett vesentleg til side som følgje av storleiken på utvidinga.

Vidare er det avdekka fleire tilhøve ved plasseringa av anlegget som vil kunne få negative følgjer for ferdsle, naturmangfald, tilkomst for naboar og andre aktivitetar knytt til føremålet bruk og vern av sjø.

Fordelane utover ei forventa betring i miljøtilstand under anlegget kjem kun i søkeras favør og administrasjonen kan ikkje sjå at desse fordelane veg opp for ulempene. Administrasjonen kan heller ikkje sjå at det kan knytast vilkår opp i mot etableringa som kan vege opp for ulempene i denne omgang. Oppsummert meiner administrasjonen at fordelane ved å gi dispensasjon i dette tilfellet ikkje veg opp for ulempene og vil difor ikkje tilrå å gi dispensasjon frå kommuneplanen.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gjeldande gebyrregulativ. Faktura vert tilsendt søker.

C.4.1	Dispensasjon frå ei enkelt føresegn gitt i eller i medhald av pbl	7900,-
-------	--	--------

Tillegg til den politiske handsaminga av saka:

Det vart ved siste rullering av kommuneplanen gjort ei endring i områda som er sett av til akvakultur, ved at desse vart utvida eller tilpassa dei ulike lokalitetane. Det viser seg likevel at det ved endring i anleggstruktur og nye typar anlegg, er sett av for lite areal i kommuneplanen for akvakulturanlegg. Det er tidlegare gitt dispensasjonar til anlegg som skal utvide meir konvensjonelle stålanlegg med eit visst antall bur (gjerne opp til om lag 50x50m totalt areal), men det er i dette tilfellet søkt om ei utviding som er svært mykje større enn det som tidlegare er søkt om. Administrasjonen har på bakgrunn av dette ikkje funne å kunne tilrå å gi løyve til ei utviding som er så i strid med arealføremålet som er sett av, då administrasjonen vurderer det til å vere av ein slik grad at det må gjerast ei meir omfattande vurdering av konsekvensar for kringliggende område enn det som er gjort i dette tilfellet. Samstundes ligg ei rullering av kommuneplanen nokre år fram i tid og akvakulturnæringa vil ha behov for å kunne utnytte ny teknologi og driftsmetodar for å kunne drive optimalt.

Administrasjonen meiner på bekgrunn av dette at det kan vere positivt å ha ein politisk diskusjon knytt til korleis ein skal forholde seg til endra behov for areal knytt til akvakultur, spesielt når ein no ser at det kjem søknader om dispensasjon for anlegg som er betydeleg større enn det som er tenkt settt av til i kommuneplanen. Om det er politiske signal om at ein skulle vere positive til slike utvidingar utover områda som er sett av i kommuneplanen, vil dette kunne ha betydning for korleis utfallet av dispensasjonsvurderinga frå administrasjonen vert. Til dømes vil ikkje avviket frå føremålet bruk og vern av sjø bli vekta like tungt som administrasjonen må gjere det ved slike store avvik per i dag.